


# Innføring av Webtemp
# i Norske Landbrukstenester

Eit komplett forretningssystem for bemanningsføretak

NLT

W · websystemer

# Vi ønskjer

- Å bli oppfatta som ein profesjonell aktør
- Å nytte etablerte elektroniske løysingar
- Å ligge føre i utviklinga
- Å ha felles plattform, vera mindre sårbar

# Kva fordeler ser vi?

- Timelister ferdig utfylt, levert og kontert
- Rask tilgong til statistikk
- Tilgong til eiga oversikt via nett
- Effektivisering av drift
- Betre kommunikasjonen med kundar/medlemar og tilsette
- Bidra til å tilfredsstille krav frå styresmaktene

# Funksjonalitet

- Elektroniske timelister via web, sms
- Kan brukast på alle plattformar
- Reskontro tilgjengeleg på nett
- Rekruttering via eigen portal
- Oppfølging av kommunikasjon med medlemmer og tilsette
- Integrert mot Lønn 5 og SunPro Lønn (01.01.2016)
- Elektronisk signering

# Kvifor Webtemp?

- Levert løysinga sidan 1995
- Gasellebedrift 7 år på rad
- Tilpassa bemanningsbransjen
- Ein pris per brukar som dekker alt
- Nytta i NLT-lag sidan 2008
- NLT vil bli ein stor kunde med gjennom-slagskraft

# Kvifor ny løysing?

NLT-laga yter i dag god service til sine medlemmer. Det einskilde medlem får arbeidshjelp, og papirarbeidet vert teke hand om på ein profesjonell måte. Uavhengig av dette ser vi at det vert etterspurd løysingar som gjev enklare timeregistrering og tilgong til oppdatert kontoutdrag på internett, ved hjelp av pc, nettbrett og smarttelefonar.

Innarbeiding av ny løysing er sjølvsagt tidkrevjande, men vi ser store innsparingar på sikt. Hos mange tar lønskøyring og formidling av arbeidskraft ei stor del av arbeidstida.  Ved å automatisera store deler av denne funksjonaliteten vil ein frigje tid som kan nyttast til andre arbeidsoppgåver som er med å styrkar laget si drift.

Like system i NLT-laga vil gjera administrasjonen i det einskilde lag mindre sårbar ved sjukdom og permisjonar, noko som er med å sikra servicetilbodet til bonden. Fleire lag har etterspurd ei avløysarordning for dei administrativt tilsette.

Moment

- Etter kvart som fleire og fleire lister vert levert elektronisk vil ein spara administrativ tid i laga til lønskøyring.
- Rask oversikt over ledig personell.
- Enkel oversikt over all kommunikasjon med tilsette og medlemer/kundar.
- Rask massekommunikasjon via sms/e-post for å gje informasjon, søke etter tilsett til oppdrag, eller oppdrag for tilsett.
- Medlemer vil til ei kvar tid ha full oversikt over sin reskontro og sine oppdrag på internett.
- Tilsette kan levere timelister over nett, sms eller nettbrett. Dei har og full oversikt over oppdrag, CV med meir.
- Eigen portal for å rekruttera nye tilsette.
- Med elektroniske timelister vil ein stette dei krava som ligg til arbeidsavtaler, informasjon om HMS-ansvar med meir frå Arbeidstilsynet.
- Rask tilgong til statistikk lokalt og sentralt.

Prosjektet vil i utgangspunktet gå over tre år (2015 – 2017).
Ein viktig del av prosjektperioden vil sjølvsagt vera å finna ut kva manglar systemet har i forhold til vår bruk, og korrigera dette.

Kostnadane til abonnementsavgift i prosjektperioden vert dekka av NLT (kr. 690,- pr. brukar pr. mnd.).
Prosjektet vert kontinuerleg evaluert i styret.